

NVE

Postboks 5091, Majorstua,
0301 OSLO

Samnanger, 16.08.2023

Deres ref: 01.06.2023

Deres ref: 201104255-58

Vår ref: 08/23 Høyringsuttale av søknad om forlenging av konsesjons frist

Høyring av planendringssøknad og forlenging av byggefrist for Aldal kraftverk, Samnanger kommune i Vestland fylke.

Me viser til Dykkar brev datert 01.06.2023 kva gjeld planendring og forlenga frist for igangsetjing bygging av Aldal kraftverk i Samnanger Kommune.

Styret i Samnanger Næringsforum drøfta saka i styre møte 03.08.2023 og vil koma med fylgjande fråsegn:

Næringsforumet opprettheld kommentarar som i vårt brev datert 20.09.2012, særleg gjeld dette spørsmålet om eventuelle negative miljøkonsekvensar ei regulering Fitjvatnet vil ha, både som drikkevatn-kjelde for kommunen og for friluftsliv og naturopplevingar i område, sumar som vinter. Området rundt Fitjvatnet er eit mykje brukt som friluftsområde, ein aktivitet som har auka etter at ny køyrbar veg vart bygd inn til vatnet i samband med rørleidning for drikkevatn. Styret ber derfor om at desse spørsmåla vert vurderte sjølv om ein er merksam på at uttak av vatn til kraftverk truleg ikkje vil påverka kvaliteten av drikkevatnet.

I brevet frå søkjar er det opplyst at ein søker om å regulera Fitjvatnet mellom +0.0/-1,1 meter frå *dagens vannivå på 336 moh*. Søkjar har opplyst at normalvannstand er 335,1 meter.

Vår forståing er at det om søkte reguleringsnivået ligg innafor dagens eigenreguleringsnivå, og vil fylgjeleg ikkje innebera nye neddemt eller tørrlagte områder.

Styret har merka seg at inntaket frå Fitjvatnet vil vera ca 50 meter nedstraums i utløpet frå der elveløpet går i eit trengt gjel med fast berg på begge sider. Her vil ein etablera ein 15 meter lang og 6 meter høg dam i elveløpet. (Seinare endra til minst 10 meter høg og om lag 20 meter lang). Etter Næringsforumet si meining kan dette vera ei løysing, men føresetnad er at demningen ikkje har innverknad på eigenreguleringsnivået i vatnet.

For å ta vare på naturmiljøet i og rundt elva, er det, i følgje NVE, eit krav minstevassføring på 30 l/s heile året. Det må også etablerst ein anordning som viser at slik minstevassføring vert halden til ei kvar tid, og at minstevassføringa lett kan kontrollerast til ei kvar tid.

Næringsforumet har merka seg at styret i Aldal Kraft AS, på grunn av avgrensa plass i friluft, no ynskjer å sprengja ut ein fjellhall der kraftstasjonen vert bygd. Me har ingen kommentarar til dette eller tiltaka som omhandlar rørleidninga frå inntaksdammen til stasjonen.

Med Beste helsing

For styret i Samnanger Næringsforum
Per Espen Edvartsen (Sign)

Kopi: Samnanger Kommune v/ Ragnhild Lønningdal